



Møteprotokoll for Alver formannskap

Møtedato: 10.02.2022
Møtestad: Helsehuset, møterom Nordhordland
Møtetid: 09:00 - 18:30

Kl. 09:00 Generalforsamling Knarvik Industri og Miljø AS og KIM Eigedom AS

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Ordfører
Jostein Hellestveit	SP gjekk under handsaming av sak 021/22	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Thomas Larsen	H	Medlem
Nina Stabell Øvreås	FRP	Medlem
Øyvind Oddekalv	AP	Varaordfører
Nina Bognøy	AP	Medlem
Asle Hetlebakke	KRF gjekk under handsaming av sak 022/22	Medlem
Morten Klementsén	UAVH	Medlem
Tørje Sletten-Hansen	UAVH	Medlem
Maria Færø	UAVH	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Astrid Aarhus Byrknes	KRF	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Stian Lavik	KRF	Astrid Aarhus Byrknes

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anny Bastesen-kommunalsjef, Børge Engedal-rådgjevar, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Janne Sund-kommunalsjef, Jarle Landås-kommuneadvokat, Kathrine Martinsen-HR leiar, Line Merete Valle-tenesteleiar, Lisbeth Alvær-kommunalsjef, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Siril Therese Sylta-tenesteleiar, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

Sakliste

Saknr	Tittel
004/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
005/22	Godkjenning av møteprotokoll frå 02.12.2021 og 26.01.2022

- 006/22 Flytting av budsjettmidlar (investering) fra 2021 til 2022
- 007/22 Avtale med Austrheim kommune, levering av drikkevatt og reservevassforsyning.
- 008/22 Miljøløftet - Ny strategi for innfartsparkering
- 009/22 Miljøløftet – prosjekt til handlingsprogrammet 2023 - 2026
- 010/22 Sjølvkostgrunnlag - gebyr plansaker
- 011/22 Gebyr og betalingssatsar for 2022 - endring i forskrift vedtatt 16.12.2021
- 012/22 Frådeling av grunn til privat naust frå gbnr 310/3
- 013/22 Godkjenning av prosjektmandat Ostereidet kunstgras
- 014/22 Framlegg til investeringsprosjekt - Rehabilitering av tak - Manger - Solhall, søndre del
- 015/22 Reglement for styring av investeringsprosjekt
- 016/22 Innkjøpsstrategi Alver kommune
- 017/22 Debatthefte 2022 – På samme lag
- 018/22 Strøyming av møte i politiske styringsgrupper
- 019/22 Tittel på øvste administrative leiar i Alver kommune
- 020/22 Melding/orientering til formannskapet 10.02.2022
- 021/22 Makebyte og leige - kai 4
- 022/22 Uttale – E39 Vågsbotn-Klauvaneset

**004/22: Godkjenning av innkalling og sakliste
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Det vert sett opp ei ekstrasak i møtet, sak 022/22 Uttale – E39 Vågsbotn-Klauvaneset
Sak 021/22 vart handsama etter sak 022/22
Rådmannen sitt framlegg med endring vart samrøystes vedteke.

FO- 004/22 Vedtak:

Innkalling og sakliste med tilleggssak er godkjent.

005/22: Godkjenning av møteprotokoll frå 02.12.2021 og 26.01.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent.

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Endring:

Møte 2.des. var Jostein Hellestveit ikkje tilstade.
Ellers ingen merknader, samrøystes.

FO- 005/22 Vedtak:

Møteprotokollane, med endring, er godkjent.

006/22: Flytting av budsjettmidlar (investering) fra 2021 til 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Unyttta investeringsmidlar i 2021 på 117,2 mill. kr vert flytta til budsjett 2022 i samsvar med tabellen i saksutgreiinga. Auken vert finansiert av unyttta lånemidlar 103,1 mill. kr og momskompensasjon med 14,1 mill. kr.

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 006/22 innstilling:

Unyttta investeringsmidlar i 2021 på 117,2 mill. kr vert flytta til budsjett 2022 i samsvar med tabellen i saksutgreiinga. Auken vert finansiert av unyttta lånemidlar 103,1 mill. kr og momskompensasjon med 14,1 mill. kr.

007/22: Avtale med Austrheim kommune, levering av drikkevatt og reservevassforsyning.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret sluttar seg til avtale med Austrheim kommune for levering av drikkevatt og reservevassforsyning, jf avtaleforslag datert 27.01.2022. Rådmannen får fullmakt til oppfølging og signering etter politisk behandling i Austrheim kommune.»

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå A.Hetlebakke-KRF:

Avtaleteksten skal vera omsett til nynorsk før signering.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå A.Hetlebakke vart samrøystes vedteke.

FO- 007/22 innstilling:

«Kommunestyret sluttar seg til avtale med Austrheim kommune for levering av drikkevatt og reservevassforsyning, jf avtaleforslag datert 27.01.2022. Rådmannen får fullmakt til oppfølging og signering etter politisk behandling i Austrheim kommune.»

Avtaleteksten skal vera omsett til nynorsk før signering.

008/22: Miljøløftet - Ny strategi for innfartsparkering

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Alver kommune sluttar seg til «Strategisk styringsdokument for innfartsparkering innafor avtaleområdet til Miljøløftet».

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Tilleggsframlegg frå M.Klementsens-uavh.:

Innfartsparkering legges tett ved utkantene av bompengeplasseringene. Parkering vert gratis. Shuttlebuss må bistå med persontransport til bussholdeplass sentralt i Knarvik/Flatøy

Framlegget fekk 4 røyster og fall (J.Hellestveit-SP, M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færø-uavh.)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 9 røyster (mot M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færø-uavh.)

FO- 008/22 innstilling:

- Alver kommune sluttar seg til «Strategisk styringsdokument for innfartsparkering innafor avtaleområdet til Miljøløftet».

009/22: Miljøløftet – prosjekt til handlingsprogrammet 2023 - 2026**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune tilrår at følgjande prosjekt blir tatt inn i Miljøløftet sitt handlingsprogram 2023 - 2026.

- Fv5474, Seim skule, fortau/trafikksikring
- Fv5458, Ostereidet, fortau/trafikksikring i Lindsdalen
- Fv5452, Leknes, fortau/trafikksikring ved Eknes Karosseri
- Fv5452, Apalen, fortau/trafikksikring Apalen – kryss Kleivdalsvegen

Alver formannskap 10.02.2022:**Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FO- 009/22 innstilling:

Alver kommune tilrår at følgjande prosjekt blir tatt inn i Miljøløftet sitt handlingsprogram 2023 - 2026.

- Fv5474, Seim skule, fortau/trafikksikring
- Fv5458, Ostereidet, fortau/trafikksikring i Lindsdalen
- Fv5452, Leknes, fortau/trafikksikring ved Eknes Karosseri
- Fv5452, Apalen, fortau/trafikksikring Apalen – kryss Kleivdalsvegen

010/22: Sjølvkostgrunnlag - gebyr plansaker**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret tek utgreiinga om sjølvkostgrunnlaget for plansaksgebyr til orientering, og sluttar seg til prosessen som er tilrådd i oppsummeringa.

Ramma for ansvar 7120 plan- og byggesaksbehandling, teneste 3011 plansaksbehandling etter sjølvkost, blir auka med kr 1,5 mill for 2022. Midlane blir henta frå disposisjonsfondet.»

Alver formannskap 10.02.2022:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 2 røyster (M.Klementsens-uavh.og T.Sletten-Hansen-uavh.).

FO- 010/22 innstilling:

«Kommunestyret tek utgreiinga om sjølvkostgrunnlaget for plansaksgebyr til orientering, og sluttar seg til prosessen som er tilrådd i oppsummeringa.

Ramma for ansvar 7120 plan- og byggesaksbehandling, teneste 3011 plansaksbehandling etter sjølvkost, blir auka med kr 1,5 mill for 2022. Midlane blir henta frå disposisjonsfondet.»

011/22: Gebyr og betalingssatsar for 2022 - endring i forskrift vedtatt 16.12.2021**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner oppdaterte gebyr- og betalingssatsar for 2022 slik dei går fram av vedlegg datert 01.02.2022.

Alver formannskap 10.02.2022:**Handsaming:****Framlegg frå M.Klementsens-uavh.:**

Alver kommune fryser prisene på dagens nivå. Dette grunnet innbyggernes økte utgifter i for bl.a, bompenger og ikke minst meget dyre strømpriser i markedet. Som nest største kommunale eier av BKK, vil Alver kommune presumptivt få ett vesentlig større aksjeutbytte enn vanleg.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh.og M.Færø-uavh.)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 9 røyster, mot 3 røyster (M.Klementsens-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh.og M.Færø-uavh.)

FO- 011/22 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner oppdaterte gebyr- og betalingssatsar for 2022 slik dei går fram av vedlegg datert 01.02.2022.

012/22: Frådeling av grunn til privat naust frå gbnr 310/3**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at Eva Tangen får tilbod om innløyning av festa naustegrund på Holmeknappen gbnr 310/3 for kr 127 369,- pluss omkostningar til mellom anna frådeling og oppmåling av naustparsellen. Tilbodet står ved lag seks måneder frå vedtaksdato.»

Alver formannskap 10.02.2022:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 012/22 innstilling:

«Kommunestyret godkjenner at Eva Tangen får tilbod om innløyning av festa naustegrund på Holmeknappen gbnr 310/3 for kr 127 369,- pluss omkostningar til mellom anna frådeling og oppmåling av naustparsellen. Tilbodet står ved lag seks måneder frå vedtaksdato.»

013/22: Godkjenning av prosjektmandat Ostereidet kunstgras**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektmandat for rehabilitering av Ostereidet kunstgras vert godkjent slik det ligg føre.

Alver formannskap 10.02.2022:**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 013/22 innstilling:

Prosjektmandat for rehabilitering av Ostereidet kunstgras vert godkjent slik det ligg føre.

**014/22: Framlegg til investeringsprosjekt - Rehabilitering av tak - Manger - Solhall, søndre del
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret vedtek prosjekt rehabilitering av taket på Solhall, Manger - søndre del. Det vert løyvd 4,4 mill inkl.mva til arbeidet, finansiert gjennom auka låneopptak»

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 014/22 innstilling:

«Kommunestyret vedtek prosjekt rehabilitering av taket på Solhall, Manger - søndre del. Det vert løyvd 4,4 mill inkl.mva til arbeidet, finansiert gjennom auka låneopptak»

015/22: Reglement for styring av investeringsprosjekt

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret vedtek *Reglement for styring av investeringsprosjekt, revisjon 01* med dei endringane som er lagt fram i saka»

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Framlegg frå T.Larsen-H:

På kulepunktet om historikk i sakspapirer:

* Eventuelle tilleggsøyvingar

Endres til:

*Eventuelle tilleggsøyvingar, når og kva beløp

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg med endring vart samrøystes vedteke.

FO- 015/22 innstilling:

«Kommunestyret vedtek *Reglement for styring av investeringsprosjekt, revisjon 01* med dei endringane som er lagt fram i saka» og følgjande endring:

På kulepunktet om historikk i sakspapirer:

* Eventuelle tilleggsøyvingar

Endres til:

*Eventuelle tilleggsøyvingar, når og kva beløp

016/22: Innkjøpsstrategi Alver kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkjøpsstrategi for Alver kommune vert vedteke.

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 016/22 innstilling:

Innkjøpsstrategi for Alver kommune vert vedteke.

017/22: Debattheft 2022 – På samme lag

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Spørsmål 1:

Alver kommune ynskjer at den økonomiske ramma i Hovudtariffoppgjeret skal fordelast sentralt for å sikre best likebehandling av kommunal sektor.

Spørsmål 2:

Noverande situasjon og demografisk utvikling tilsvarar at Alver kommune vil møte store utfordringar innan rekruttering av tilsette til helsesektoren. Alver kommune ynskjer difor ei omfordeling med tydelige prioriteringar innan helsesektoren. Stillingene sjukepleiar, vernepleiar og helsefagarbeidar er viktige og bør prioriterast.

Spørsmål 3:

Hovudtariffavtalen er i sin noverande form god og omfattende i høve til både arbeidsgjevars og tilsettes rettar og pliktar. Vi ser to områder som er har eit forbedringspotensiale:

- Kap 1, §5.2: Lurdags og søndagstillegg: For avdelingar som har helgearbeid er dekning av vaktar i helgene ofte ei utfordring. Eit auke av disse tillegga vil ha ein positiv effekt med å gjere disse vaktane meir attraktive og gjøre det lettare for arbeidsgjevar å løyse utfordringar knytt til helgearbeid.
- Kap1. § 10.2: Ytelser etter dødsfall/gruppelivsforsikringer. Forsikringssummene oppleves som noe lave og bør aukast opp.

Spørsmål 4-6.

Alver kommune har ingen spesielle innspel til desse spørsmåla og støttar KS sitt planlagte arbeid i saka.

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Fellesframlegg frå AP, Sp, H og KrF ved Ø.Oddekalv-AP:

Spm.1 og 3 som rådmannen sitt framlegg.

Tillegg til **spørsmål 2:**

Når det gjeld rekruttering vil Alver kommune òg peike på at i følgje SSB er det over 24 000 tilsette i grunnskular og vidaregåande skular som ikkje har godkjent lærarutdanning (lærar utan godkjent utdanning). Sjølv om ein tar omsyn til usikre prognosar om søkkande elevtal, vil det vere stor mangel på kvalifiserte lærarar i lang tid framover.

Spørsmål 4

Kva vil kommunen/fylkeskommunen sjølv ha mest merksemd på i ei tillitsreform, i eigen organisasjon og ovanfor lokalsamfunnet?

Svar:

Alver kommune delar måla i tillitsreforma som handlar om å bruke meir tid til tenesteproduksjon og mindre tid på rapportering og kontroll. Fokuset må endrast frå rutinemessig dokumentasjon til rapportering av konkrete avvik.

For å vidareutvikle dei kommunale tenestene i samsvar med brukarane sine behov skal Alver kommune søkje å ta vare på og vidareutvikle dialogen med innbyggjarane i kommune. Dette kan skje gjennom godt samspel og samskaping med innbyggjarane og styrke lokaldemokratiet gjennom gode medverknads- og informasjonsvedtak. Ei hovudsak blir å realisere mål og strategiar i sentrale styringsdokument som samfunnsdelen til kommuneplanen, arbeidsgjevarstrategi og økonomiplan.

I implementeringa av ei tillitsreform er det viktig å balansere tillit og kontroll. Eigenkontrollen

og kvalitetssystemet til kommunen er viktige element i arbeidet med å sikre kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen, at lovar og reglar blir etterlevd og at uønska hendingar ikkje finn stad.

Politiske vedtak og avgjerder basert på kunnskap og godt partssamarbeid i organisasjonen vil, saman med engasjerte, trygge og myndiggjorte arbeidstakarar og leiarar, bidra til at organisasjonen kan levere gode tenester og eit godt arbeidsmiljø i åra framover.

Spørsmål 5

Kva bør KS som interessepolitisk aktør ha mest merksemd på i utforminga av ei tillitsreform i og ovanfor kommunesektoren?

Svar:

Kommunane treng at KS arbeider aktivt for å påverke nasjonalt nivå slik at det lokale handlingsrommet blir mest mogleg ramme- og kvalitetsstyrt og minst mogleg kontroll- og detaljstyrt. Eit godt og fungerande lokalt og kommunalt handlingsrom vil frigi arbeidskapasitet frå rapportering til lokalt samspel, handling og gjennomføring.

KS kan halde fram med å bidra overfor kommunane ved å ha god og tett dialog med kommunane gjennom kontakt med både politikk og administrasjon, og passe på å formidle tydelege og samordna signal frå kommunesektoren til regjeringa.

Spørsmål 6

Kva bør eventuelt KS bidra med som utviklingspartnar for kommunane/fylkeskommunane i gjennomføringa av ei tillitsreform lokalt?

Svar:

KS har mykje god kompetanse som kan bidra med å byggje god kunnskap i kommunale styrings- og avgjerdsprosessar, og som ein utviklingspartnar i gjennomføring av tillitsreforma lokalt. Prosessar som er kunnskapsstyrte og som byggjer på oppdatert kunnskap vil sikre at kommunane varetar det samla samfunnsoppdraget på best mogleg måte i samarbeid med innbyggjarar og lokalt næringsliv.

KS kan bidra til å etablere større heilskap kring dialogen om dei felles kompetanse- og rekrutteringsutfordringane som kommunane har samla sett.

KS må vere ein aktør som bidreg til å samle offentlege etatar, næringsliv og organisasjonar til samarbeid og utvikling.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg med endringar vart samrøystes vedteke.

FO- 017/22 Vedtak:

Spørsmål 1:

Alver kommune ynskjer at den økonomiske ramma i Hovudtariffoppgjeret skal fordelast sentralt for å sikre best likebehandling av kommunal sektor.

Spørsmål 2:

Noverande situasjon og demografisk utvikling tilsvarar at Alver kommune vil møte store utfordringar innan rekruttering av tilsette til helsesektoren. Alver kommune ynskjer difor ei omfordeling med tydelige prioriteringar innan helsesektoren. Stillingene sjukepleiar, vernepleiar og helsefagarbeidar er viktige og bør prioriterast.

Når det gjeld rekruttering vil Alver kommune òg peike på at i følge SSB er det over 24 000 tilsette i grunnskular og vidaregåande skular som ikkje har godkjent lærarutdanning (lærar

utan godkjent utdanning). Sjølv om ein tar omsyn til usikre prognosar om søkkande elevtal, vil det vere stor mangel på kvalifiserte lærarar i lang tid framover.

Spørsmål 3:

Hovudtariffavtalen er i sin noverande form god og omfattende i høve til både arbeidsgjevars og tilsettes rettar og pliktar. Vi ser to områder som er har eit forbedringspotensiale:

- Kap 1, §5.2: Laurdags og søndagstillegg: For avdelingar som har helgearbeid er dekning av vaktar i helgene ofte ei utfordring. Eit auke av disse tillegga vil ha ein positiv effekt med å gjere disse vaktane meir atraktive og gjøre det lettare for arbeidsgjevar å løyse utfordringar knytt til helgearbeid.
- Kap1. § 10.2: Ytelser etter dødsfall/gruppelivsforsikringer. Forsikringssummane oppleves som noe lave og bør aukast opp.

Spørsmål 4

Kva vil kommunen/fylkeskommunen sjølv ha mest merksemd på i ei tillitsreform, i eigen organisasjon og ovanfor lokalsamfunnet?

Svar:

Alver kommune delar måla i tillitsreforma som handlar om å bruke meir tid til tenesteproduksjon og mindre tid på rapportering og kontroll. Fokuset må endrast frå rutinemessig dokumentasjon til rapportering av konkrete avvik.

For å vidareutvikle dei kommunale tenestene i samsvar med brukarane sine behov skal Alver kommune søkje å ta vare på og vidareutvikle dialogen med innbyggjarane i kommune. Dette kan skje gjennom godt samspel og samskaping med innbyggjarane og styrke lokaldemokratiet gjennom gode medverknads- og informasjonsvedtak. Ei hovudsak blir å realisere mål og strategiar i sentrale styringsdokument som samfunnsdelen til kommuneplanen, arbeidsgjevarstrategi og økonomiplan.

I implementeringa av ei tillitsreform er det viktig å balansere tillit og kontroll. Eigenkontrollen og kvalitetssystemet til kommunen er viktige element i arbeidet med å sikre kvalitet og effektivitet i tenesteproduksjonen, at lovar og reglar blir etterlevd og at uønska hendingar ikkje finn stad.

Politiske vedtak og avgjerder basert på kunnskap og godt partssamarbeid i organisasjonen vil, saman med engasjerte, trygge og myndiggjorte arbeidstakarar og leiarar, bidra til at organisasjonen kan levere gode tenester og eit godt arbeidsmiljø i åra framover.

Spørsmål 5

Kva bør KS som interessepolitisk aktør ha mest merksemd på i utforminga av ei tillitsreform i og ovanfor kommunesektoren?

Svar:

Kommunane treng at KS arbeider aktivt for å påverke nasjonalt nivå slik at det lokale handlingsrommet blir mest mogleg ramme- og kvalitetsstyrt og minst mogleg kontroll- og detaljstyrt. Eit godt og fungerande lokalt og kommunalt handlingsrom vil frigi arbeidskapasitet frå rapportering til lokalt samspel, handling og gjennomføring.

KS kan halde fram med å bidra overfor kommunane ved å ha god og tett dialog med kommunane gjennom kontakt med både politikk og administrasjon, og passe på å formidle tydelege og samordna signal frå kommunesektoren til regjeringa.

Spørsmål 6

Kva bør eventuelt KS bidra med som utviklingspartner for kommunane/fylkeskommunane i gjennomføringa av ei tillitsreform lokalt?

Svar:

KS har mykje god kompetanse som kan bidra med å byggje god kunnskap i kommunale styrings- og avgjerdsprosessar, og som ein utviklingspartner i gjennomføring av tillitsreforma lokalt. Prosessar som er kunnskapsstyrte og som byggjer på oppdatert kunnskap vil sikre at kommunane varetar det samla samfunnsoppdraget på best mogleg måte i samarbeid med innbyggjarar og lokalt næringsliv.

KS kan bidra til å etablere større heilskap kring dialogen om dei felles kompetanse- og rekrutteringsutfordringane som kommunane har samla sett.

KS må vere ein aktør som bidreg til å samle offentlege etatar, næringsliv og organisasjonar til samarbeid og utvikling.

018/22: Strøyming av møte i politiske styringsgrupper Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Når politiske styringsgrupper er samla til vedtaksmøte skal møta strøymast
- Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta ikkje strøymast.
- Reglement for politisk styringsstruktur blir oppdatert i tråd med vedtaket.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Handsaming:

Ingen merknader, samrøystes.

OKK- 016/22 uttale:

Ingen merknader.

Utval for helse og omsorg 08.02.2022:

Handsaming:

Alexander Helle-R sette fram følgjande endringsframlegg i kulepunkt 2:

Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta strøymast.

På vegne av samarbeidspartia SP, AP og KRF sette May-Irene Wergeland-SP fram følgjande endringsframlegg:

- *Når politiske styringsgrupper er samla til vedtaksmøte skal møta i hovudsak strøymast*
- *Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta i hovudsak ikkje strøymast*
- *Reglement for politisk styringsstruktur blir oppdatert i tråd med vedtaket*

Helle-R sitt framlegg fekk to røyster og fall (A.Helle-R, Roy Bø-Uavh.)

Samarbeidspartia sitt framlegg vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg.

Rådmannn sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.

Samarbeidspartia sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

HO- 004/22 uttale:

- Når politiske styringsgrupper er samla til vedtaksmøte skal møta i hovudsak strøymast
- Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta i hovudsak ikkje strøymast
- Reglement for politisk styringsstruktur blir oppdatert i tråd med vedtaket

Utval for næringutvikling og drift 09.02.2022:

Handsaming:

Liv Hopland van der Kooij-SP sette fram følgjande endringsframlegg:

- Når politiske styringsgrupper er samla til vedtaksmøte skal møta i hovudsak strøymast
- Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta i hovudsak ikkje strøymast.
- Reglement for politisk styringsstruktur blir oppdatert i tråd med vedtaket.

Framlegg frå Hopland van der Kooij vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg.
Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.
Liv Hopland van der Kooij sitt framlegg fekk 6 røyster og vart samrøystes vedteke.

ND- 004/22 utfale:

- Når politiske styringsgrupper er samla til vedtaksmøte skal møta i hovudsak strøymast
- Når politiske styringsgrupper er samla til arbeidsmøte skal møta i hovudsak ikkje strøymast.
- Reglement for politisk styringsstruktur blir oppdatert i tråd med vedtaket.

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Fellesframlegg ved S.Sekkingstad-SP:

Formannskapet utset avgjerda om strøyming av møte i politiske styringsgrupper, og kjem tilbake til dette i sak om reglement for prosjektstyring.

Fram til avgjerd om eventuell strøyming vert tatt, blir strøyming av møta bestemt av utvalsleiar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 018/22 Vedtak:

Formannskapet utset avgjerda om strøyming av møte i politiske styringsgrupper, og kjem tilbake til dette i sak om reglement for prosjektstyring.

Fram til avgjerd om eventuell strøyming vert tatt, blir strøyming av møta bestemt av utvalsleiar.

019/22: Tittel på øvste administrative leiar i Alver kommune

Framlegg til vedtak:

Tittel på øvste administrative leiar i Alver kommune vert endra frå rådmann til kommunedirektør frå 1. mars 2022.

Rådmannen får fullmakt til å avgjere endring av tittel for assisterande rådmann frå same tidspunkt.

Alver formannskap 10.02.2022:

Handsaming:

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 019/22 innstilling:

Tittel på øvste administrative leiar i Alver kommune vert endra frå rådmann til kommunedirektør frå 1. mars 2022.

Rådmannen får fullmakt til å avgjere endring av tittel for assisterande rådmann frå same tidspunkt.

020/22: Melding/orientering til formannskapet 10.02.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldinga vert teke til orientering

Alver formannskap 10.02.2022:

Behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 020/22 Vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

**021/22: Makebyte og leige - kai 4
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte makebyteavtale mellom Alver kommune og Alver tomteselskap.
2. Kommunestyre godkjenner vedlagte leigeavtale mellom Alver kommune og Mongstad eiendomsselskap AS under føresetnad av at Gbrnr. 127/60 vert overtatt i samsvar med makebyteavtalen i punkt 1.

Alver formannskap 02.12.2021:**Handsaming:**

Det var gjort framlegg om å handsama saka i lukka møte jf.off.lova § 23.

Framlegget vart samrøystes vedteke. Møtet vart lukka.

Framlegg:

Saka vert teke til orientering.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 119/21 innstilling:

Saka vert teke til orientering.

Alver kommunestyre 16.12.2021:**Handsaming:**

Saka er utsett.

KO- 168/21 Vedtak:

Saka er utsett.

Alver formannskap 10.02.2022:**Handsaming:**

Handsaming av saka vert lukka jf.ko.lova § 11-5. og off.lova § 23.

Møtet var opna ved røysting.

Framlegget vart vedteke mot 2 røyster (M.Klementsens-uavh. og T.Sletten-Hansen-uavh.)

FO- 021/22 innstilling:

1. Kommunestyret godkjenner vedlagte makebyteavtale mellom Alver kommune og Alver tomteselskap.
2. Kommunestyre godkjenner vedlagte leigeavtale mellom Alver kommune og Mongstad eiendomsselskap AS under føresetnad av at Gbrnr. 127/60 vert overtatt i samsvar med makebyteavtalen i punkt 1.

022/22: Uttale – E39 Vågsbotn-Klauvaneset**Alver formannskap 10.02.2022:****Handsaming:****Fellesframlegg ved Ø.Oddekalv-AP:**

E39 Vågsbotn-Klauvaneset må ha oppstart i første NTP-periode

E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset har ein årsdøgntrafikk på over 20 000 midt på strekket, 12 % av dette er tungtrafikk, dvs. 2500 køyretøy. Vegbreidda er mindre enn 6 meter på det smalaste, og dette gjer vegen til den smalaste i landet om ein tar omsyn til trafikkmengd. I

tilllegg er det 25 uoversiktlege avkøyrslar på strekket som er om lag 9 km.

Kvart døgn køyrer eit stort tal tunge køyretøy med farleg gods og væsker gjennom området på veg til og frå industriområdet på Mongstad. Vegen er utrykkingsveg til og frå Nordhordland for helse (ambulansse), politi og brannvesen, og med rekkverk på begge sider er faren stor for at utrykkingskøyretøy ikkje vil kome fram.

Det har vore arbeid i nesten 40 år for å få ei betre og meir framtidretta løysing på plass her. Både Bergen kommune, kommunane i Nordhordland og Vestland fylkeskommune hadde denne vegen som eit av sine prioriterte prosjekt til rulleringa av NTP (nasjonal transportplan) våren 2021, og det blir framleis arbeid med ein KDP (kommunedelplan) for heile strekket mellom Klauvaneset, Vågsbotn og Arna.

Til tross for at Statens vegvesen forseinka KDP-prosessen grunna ein ekstra runde med kostnadskontroll, så vart E39 Vågsbotn-Klauvaneset prioritert gjennom ein (fleirtals)merknad med oppstart i første del av NTP når denne vart vedtatt i Stortinget i juni 2021.

Det var med sjokk og vantru vi fekk meldinga om at Statens vegvesen ikkje hadde tatt denne vegen med i sin gjennomføringsplan for 2022-2027. Dette er uakseptabelt og vi forventar at dei nødvendige politiske vedtaka kjem på plass, slik at Statens vegvesen planlegg for oppstart på vegen i første NTP-periode.

Alver kommune forventar òg at arbeidet med kommunedelplanen har god framdrift, slik at E39 Vågsbotn-Klauvaneset kan prioriterast som første byggetrinn av Ringveg Øst og realiserast i første periode av Nasjonal transportplan, som vedtatt i 2021. Alver kommune forventar at Stortinget står fast ved dette og jobbar mot at dette målet blir nådd.

Ordførar får fullmakt til å sende uttalen til aktuelle mottakarar.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 022/22 Vedtak:

E39 Vågsbotn-Klauvaneset må ha oppstart i første NTP-periode

E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset har ein årsdøgntrafikk på over 20 000 midt på strekket, 12 % av dette er tungtrafikk, dvs. 2500 køyretøy. Vegbreidda er mindre enn 6 meter på det smalaste, og dette gjer vegen til den smalaste i landet om ein tar omsyn til trafikkmengd. I tillegg er det 25 uoversiktlege avkøyrslar på strekket som er om lag 9 km.

Kvart døgn køyrer eit stort tal tunge køyretøy med farleg gods og væsker gjennom området på veg til og frå industriområdet på Mongstad. Vegen er utrykkingsveg til og frå Nordhordland for helse (ambulansse), politi og brannvesen, og med rekkverk på begge sider er faren stor for at utrykkingskøyretøy ikkje vil kome fram.

Det har vore arbeid i nesten 40 år for å få ei betre og meir framtidretta løysing på plass her. Både Bergen kommune, kommunane i Nordhordland og Vestland fylkeskommune hadde denne vegen som eit av sine prioriterte prosjekt til rulleringa av NTP (nasjonal transportplan) våren 2021, og det blir framleis arbeid med ein KDP (kommunedelplan) for heile strekket mellom Klauvaneset, Vågsbotn og Arna.

Til tross for at Statens vegvesen forseinka KDP-prosessen grunna ein ekstra runde med kostnadskontroll, så vart E39 Vågsbotn-Klauvaneset prioritert gjennom ein (fleirtals)merknad med oppstart i første del av NTP når denne vart vedtatt i Stortinget i juni 2021.

Det var med sjokk og vantru vi fekk meldinga om at Statens vegvesen ikkje hadde tatt denne vegen med i sin gjennomføringsplan for 2022-2027. Dette er uakseptabelt og vi forventar at dei nødvendige politiske vedtaka kjem på plass, slik at Statens vegvesen planlegg for oppstart på vegen i første NTP-periode.

Alver kommune forventar òg at arbeidet med kommunedelplanen har god framdrift, slik at E39 Vågsbotn-Klauvaneset kan prioriterast som første byggetrinn av Ringveg Øst og realiserast i første periode av Nasjonal transportplan, som vedtatt i 2021. Alver kommune forventar at Stortinget står fast ved dette og jobbar mot at dette målet blir nådd.

Ordførar får fullmakt til å sende uttalen til aktuelle mottakarar.